



Konfirmantane 2021 på presentasjonsgudsteneste i kyrkja i går.

Ni konfirmantar 2021, ikkje 10 slik vi har skrive før, vart presentert på gudstenesta i kyrkja i går. Alle, saman med foreldra, møtte fram. Namna vart lesne og kvar ein skild fekk Bibelen i gåve frå Den norske Kyrkja. Etter gudstenesta var det orientering. Nytt er det at soknepresten i Kvinnherad, Kjersti B. Boge, tek konfirmantane med på sykkeltur frå Ølve til Varaldsøy med overnatting og undervisning i Hestviken på Varaldsøy.

Sykkelturen er alt no til helga, laurdag og sundag, saman med konfirmantane i Ølve, Hatlestrand og på Varaldsøy. Det er eit sosialt pedagogisk opplegg der alle vert kjende og med dette startar konfirmantundervisninga.

Det er Carsten Mursek som er ansvarleg for konfirmantføringa på utvalde onsdagar i kyrkja straks ein kjem med bussen frå ungdomsskulen. Soknerådet tek kostnaden med litt mat og drikke på kvar samling. Konfirmantane skal møta fram til 8 gudstenester, fire felles gudstenester og fire valfrie. Gudstenesta i dag er alt den fyrste av dei åtte.

Namneliste:

- Ingrid Klyve
- Filip Sjo Musland
- Sivert Ermland Myklebust
- Karoline Ermland Myklebust
- Markus Myklebust
- Sigrid Myklebust Lekva
- Ewy Lakselv
- Malena Hjelmeland
- Elias Jensen Eide

Konfirmansjonen 2021 er lagt til sundag 2. mai kl. 11.00.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

